

ÅRSRAPPORT TURNERINGSKOMITÉEN 2020



Desse har sete i turneringskomitéen:

Nils Bjarne Hommedal	leiar
Terje Vethe	medlem
Ove Magne Straume	medlem
Roger Hovland	medlem
Marius Litsheim Almeland	medlem

Dessutan har komitéen fått mykje god hjelp frå Kjetil Brusveen.

TURNERINGAR

Turneringssesongen ute starta 05. mai og vart avslutta 18.oktober. I tillegg til Superrunden, match-turnering, klubbmeisterskap og ope vossameisterskap, har me i meldingsåret også arrangert Belka Golf Nordic Open, NSG – Region, Narvesen Tour og Ladies Tour.

Innandørs er det blitt arrangert 5 turneringar.

Klubben har i 2020 halde fram med den gode utviklinga frå 2019 når det gjeld turneringane. Hovudårsaka til dette er nok koronasituasjonen, då golf er ein fin sport å utøva med omsyn til smittevern. Når det gjeld Superrunden, har me helde på modellen frå i fjor, med «shotgun»-start, seinare oppstart og ein del endringar i premieringa. Deltakinga har vore om lag som i fjor. meldingsåret hadde me premiar til vinnarane av Order of Merit vår og haust. Desse gjekk til Glenn Ove Hovland (vår) og Kjetil Brusveen (haust). Hovudpremien, fritt spel på bana i 2021, vart trekt blant alle scorekorta for sesongen. Dette gjekk føre seg etter siste Superrunden og vinnaren i år vart Gunvor Rogne Nilsen.

Også i 2020 hadde Ladies Tour Voss mange deltakarar, 51 i talet (52 i fjor). Her må me retta ei stor takk til damene våre og Torkjell og Roger for god innsats!

Vossameisterskapen hadde i år som tidlegare ein fantastisk sponsor i SEIMEN A/S. Dei stilte med premiar i alle klassar og meir enn det. Stor takk frå komitéen.

Klubbmeistarar 2020 vart Ingeborg Hovland (junior), Randi Espeland Østvik (damer) og Carl van den Boom (herrar), Kirsten Hauge Rogne (senior damer) og Terje Vethe (senior herrar).

Turneringskomitéen vil retta ein stor takk til Gaute Kalstad, Randi Espeland Østvik og Egil Østvik for at dei har teke hovudansvaret for nokre av dei største turneringane våre.

Avslutningsvis ynskjer komitéen å takka alle som var med på turneringane!

Me seier til slutt lukke til i 2021.

Nils Bjarne Hommedal	Terje Vethe	Ove Magne Straume
Roger Hovland	Marius Litsheim Almeland	